



Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Austrheim - 166/1 - Vestre Sæverøyna - flytebrygge - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 04.07.2022. Saka gjeld ny søknad om dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen sin arealdel (planid:2013001) og pbl. § 1-8 annet ledd til utlegging av ei flytebryggje for 2 båtar på Austre Sævrøyna.

Det har fleire gongar vore søkt om dispensasjon for flytebrygge på denne eigedomen, seinast i 2021. Stasforvaltaren i Vestland klaga då på kommunen sitt vedtak om dispensasjon og fekk medhald av Setjestatsforvaltar i Rogaland.

Flytebrygge som ein no søkar om er mindre og med litt endra plassering.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjere unntak frå gjeldande plan. Ut frå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Sjølv om ny søknad omfattar eit mindre tiltak, meiner vi at store deler av avgjersla frå Statsforvaltaren i Rogaland datert 01.03.2022 framleis er relevant for vurderinga av dette tiltaket. Vi vurderer også at vår uttale til førre søknad i stor grad gjer seg gjeldande framleis. Der skreiv vi mellom anna:

«Det er eit nasjonalt mål at strandsona skal bevarast som natur- og friluftsområde tilgjengeleg for alle. Området er lite privatisert i dag, med få tiltak utanom naustet og kaien. Det er lite ynskeleg med



fleire tiltak i dette område av omsyn til oppleving av landskap og auka privatisering.

Vi er ikkje samd i at den omsøkte flytebrygga vil ha mindre verknad på strandsona, enn fortøyingsblåsane som ligg der i dag. Sjølv om tauverket i dag strekkjer seg lengre ut enn den omsøkte flytebrygga, vil opplevinga av området som bygd vere ein heilt anna. Området har landskapsverdiar og vår vurdering er at det ikkje bør byggast meir her.

Flytebrygger bør samlast i fellesanlegg, for å minske arealbeslag og privatisering av strandsona. Det er også eit areal sett av til småbåthamn, på Sæverøyna, i kommuneplanen. Nye brygger bør planleggast der.

I nyleg reviderte statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø står det mellom anna at: «Avklaring av arealbruk i strandsonen skal skje gjennom planlegging, og ikke gjennom enkeltvise dispensasjoner». Dette er eit viktig prinsipp for å få ein heilskapleg forvaltning av strandsona. Dette er eit prinsipp som gjeld uavhengig av soneinndeling. For heilskapleg arealforvaltning av strandsona er det nødvendig og til det beste. Ein praksis med dispensasjonar vil undergrave kommuneplanen som styringsverktøy, og kan føre til ein bit for bit utbygging av strandsona.

Statsforvaltaren vurderer at ein dispensasjon i denne saka er uheldig for forvaltninga av strandsona i området og i kommunen elles. Statsforvaltaren rår difor ifrå dispensasjon i denne saka.»

Om ny søknad, så er det positivt at tiltaket er redusert i storleik. Dette gjer at tiltaket vert mindre dominerande enn søknad frå 2021. Vi meiner likevel at tiltaket framleis vil påverke landskap sett frå sjø på ei negativ måte og at tiltak vil auke privatiseringa av området. Vi er framleis uroa for ein bit for bit utbygging av strandsona og ei tilsidesetting av kommuneplanen som styresverktøy.

Statsforvaltaren rår difor ifrå dispensasjon for flytebryggje i denne saka.

Vi ber om å få vedtaket til kommunen til klagevurdering.

Med helsing

Gunn Tove Nyheim
seniorrådgjevar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN